

Trusopplæringstiltak 2019 i Seljord, Flatdal og Åmotsdal

Tårnagent i Åmotsdal kyrkje 7. april, det er tredjeklassingar frå alle tre bygdene som er invitert for å vera tårnagentar, vera med på skattejakt, undersøke tårnet i kyrkja, og lære songar dei skal delta med i messa. Agentane møter kl.10.30, gudsteneste kl.12.00. Invitasjon kjem i posten. Velkommen!



Landstadvandring 26. mai

Alle fjerdeklassingar i kommunen blir invitert til vandring for å bli kjent med Magnus Brostrup Landstad, vi møtes ved Landstadmonumentet kl.17.00, er ein tur innom Seljord kyrkje, vandrar til Prestegarden, ser på det spesielle Landstadrommet, og er med på natursti. Velkommen til vandring!



4 års bok: Alle som er fire år i 2019 i Seljord kommune, blir invitert til hausttakkefest i Flatdal kyrkje 6. oktober, da blir det ei kort gudsteneste med utdeling av Mi kyrkjebok, etterpå blir det aktivitetar ute med smak av markens grøde, og ein liten natursti og potetløp! Velkommen!

24. november er det ljosmesse i Åmotsdal kyrkje: 1.klassingar og fem-åringar i Åmotsdal blir invitert for å få Adventshelsingar. Velkommen!

1. desember er det LysVaken gudsteneste i Flatdal kyrkje: Da blir 1.klassingar og fem-åringar i Flatdal invitert for å få Adventshelsingar. Velkommen!

8.desember er det adventsgudsteneste i Seljord kyrkje: Da blir 1.klassingar og fem-åringar i Seljord invitert for å få Adventshelsingar. Velkommen!